



## SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Hovudutval for teknisk, næring og kultur	02.05.2016	

Saksbehandlar:	Arkiv:	Journalpostnr.
Sigrid B. Handegard		16/1671

## PRIORITERING AV SPELEMIDLAR TIL LOKALE KULTURBYGG

### *Dokument i saka:*

10.03.2016	Kvittering for innsendt spelemiddelsøknad med vedlegg
10.03.2016	Søknad om spelemidler til idrettsanlegg – kulturbygg

### *Saka blir avgjort av:*

Hovudutval for teknisk, næring og kultur

### *Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.*

–Retningslinjer for tildeling av spelemidler

### *Saksopplysningar:*

Herand Bygdelag og Jondal Ungdomslag søker om tildeling av spelemidler frå «potten» til lokale kulturbygg. Hordaland fylkeskommune tildeler på vegne av Kulturdepartementet, etter prioritering frå kommunane. Denne saka skal difor ta stilling til prioritering mellom søkjarane.

Det kan søkjast om inntil 1/3 av godkjent prosjektkostnad, med ei nedre grense på kr 150 000 frå denne ordninga.

Herand Bygdelag søker om kr 488 000 i tilskot til nytt kjøkken, kjølerom og matsal på Herand Kulturhus. Totalkostnad for prosjektet er kr 1 463 000. Tiltaket er finansiert med gåver, kommunalt tilskot, eigenkapital og dugnad.

Jondal Ungdomslag søker om kr 261 000 i tilskot til løfteplattform mellom 1.etg og kjellar, handicaptoalett, div ENØK tiltak og renovering av dansegolv. Totalkostnad for prosjektet er kr 651 000. Finansieringa er også her gåver, kommunalt tilskot/eigenkapital og dugnad.

### *Vurdering:*

Det er to gode søknadar som er fremja. Begge prosjekta vil føra til betre funksjonalitet for brukarane av bygga. Det er to lokale kulturbygg med stor aktivitet, også i regional samanheng. Det er i begge prosjekta lagt ned ein stor frivillig innsats.

Når det gjeld kommunalt tilskot til Jondal ungdomslag er ikkje det politisk handsama endå. Sakshandsamar har likevel valt å godkjenna søknaden med denne posten inne, då eigenkapitalen til søkjar kan fungera som garanti. Dette er avklara med Jondal ungdomslag.

Herand Bygdelag starta prosjektet 01.06.15. Jondal ungdomslag oppgjer 05.02.2016 som oppstartsdato. Då kommunen si rolle er å prioritera mellom to gode prosjekt vil ein tilrå at det prosjektet som starta først, oppgradering av Herand Kulturhus, vert prioritert som nr 1. Ein vonar likevel at Hordaland fylkeskommune finn rom for å prioritera begge søknadane dette året.

***TILRÅDING FRÅ RÅDMANN:***

Jondal kommune gjer slik prioritering av spelemidlar til lokale kulturbygg:

1. «Bordsete i eit levande kulturlandskap»–nytt kjøkken, kjølerom og matsal på Herand Kulturhus v/Herand Bygdelag.
2. «Prosjekt Jonsvoll»–løfteplattform, handicaptoalett, ENØK tiltak og reovering av dansegolv v/ Jondal Ungdomslag.

Ragnvald Joakimsen/ass. rådmann